



Velaug Kristi Holmås  
Isdalstøbakken 28  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/6948 - 18/36000

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2018

## Avvist klage på vedtak - gbnr 137/36 Alver

### Saka gjeld

Viser til e-post frå deg 18.06.2018, vedlagt klage som du hevdar å ha sendt pr brevpost i august 2017.

### Vi svarte på denne med følgjande brev 27.06.2018

Viser til e-post frå deg 18.06.2018, vedlagt klage som du hevdar å ha sendt pr brevpost i august 2017.  
Lindås kommune har ikkje motteke brevet ditt før no.

Vedtak om riving er ikkje noko du kan klaga på i dag. Det vedtaket vart gjort i 2011 etter søknad frå deg i 2009 gjennom ansvarleg søker, der det vart søkt om å riva eksisterande hus for å føra opp ny bustad.

Slik vi forstår klagen så ber du om å få endra løyvet, slik at bygningen som er kravd riven kan stå.  
Dersom du ønsker å bruka bygningen som uthus, kan du få ansvarleg søker til å senda inn søknad om endring av det gjeldande løyvet med bruksendring til uthus.

Dersom du ønsker å ta bygget i bruk igjen som bustad/fritidsbustad, må det sendast inn ny søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett, der alle forhold vedk veg, vatn og avløp og tekniske krav til bygning må vurderast på nytt, som for eit heilt nytt bygg.

Før vi kan rettleia deg vidare ber vi om skriftleg tilbakemelding om kva du vil gjera med bygget bygningsmessig og kva du vil bruka det til. Frist for tilbakemelding er **25. juli 2018**.

Du svarte med e-post til sakshandsamar Knut Bjørnevoll den 25.07, der du viser til vedlegg. Men vedlegg manglar. Vi etterlyste tilbakemelding i e-post 30.07.2018 og i brev datert 15.08.2018, utan at vi har mottatt noko meir frå deg. Vi har såleis ikkje nokon søknad å handsama.

Då det framleis ikkje har komme meir tilbakemelding frå deg, ser vi oss nøydde til å avvisa klagen.

### Lovgrunnlag

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav b) er eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer».

#### **Rettsleg klageinteresse**

Etter fvl § 28 er det ein part eller annan med rettsleg klageinteresse som har klagerett.

Part er ein som vedtaket rettar seg mot eller direkte gjeld, jf. fvl § 2 1.ledd bokstav e.

Som tiltakshavar i byggesaka og eigar av eigdommen har du rettsleg klageinteresse i saka.

#### **Overskriden klagefrist**

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Lindås kommune sitt vedtak er datert 03.11.2011 og sendt ut per post.

Klagefristen er 3 veker pluss postgang og gjekk ut før 01.12.2011.

Klagefristen er overskriden med meir enn 6 år. Klagen er ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at «selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggast vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd.

#### **Vedtak:**

Klage datert 15.08.2017, motteken 18.06.2018 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen er sett fram mange år etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for overskriden klagefrist etter fvl § 31.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Velaug Kristi Holmås                    Isdalstøbakken 28    5916                    ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Velaug Kristi Holmås                    Isdalstøbakken 28    5916                    ISDALSTØ